

Innbyding til Holmøyskarrennet 2023

Skipa 1967 - Renn nr 54

Idrettslaga Hardbagg og Veten byr inn til det tradisjonsrike turrennet **Holmøyskarrennet Palmesøndag 2. april 2023 med start og innkomst på Nordfjord fritidssenter, Fjelli i Stryn.**

Parkering: Organisert parkering ved Nordfjord fritidssenter. Pris kr 50,- pr bil, kontant betaling eller VIPPS

Start: Trim- og familieklasse utan tidtaking kl 0830 - 1100. UH-klassar kl 1100. Konkurrans- og turlangrennsklassar kl 1200.

Innkomsttid trim- og familieklasse seinast kl 1700.

Påmelding: Trim- og familieklassen ved rennkontoret før start. Registrering same stad ved innkomst. Konkurranseløparane melder seg på innan fredag 31. mars kl 21.00, på «min idrett» .

Startkontingent: Trim- og familieklasse under 16 år kr 50,-, vaksne kr 200,-. Betaling kontant eller med kort ved start. Konkurrans- og turlangrennsklassane kr 250,- betalast ved påmelding, evt ved start.

Konkurransklassar: Junior kvinner/menn 15 – 16 år og 17 – 20 år. Senior kvinner/menn 21 – 35 år, 36 – 45 år, 46 – 55 år, 56 – 60 år, 61 – 65 år, 66 – 70 år, 71 – 75 år, over 75 år.

Turlangrennsklassar: 17 – 35 år, 36 – 50 år, over 50 år. I denne klassa kan alle gå som ikkje har teke premie i terminfesta renn i inneverande sesong.

Lisens: Deltakarane i konkurranse- og turlangrennsklassane må vise kvittering for betalt lisens til NSF ved registrering/henting av startnummer. Dei som ikkje har heilårslisens kan kjøpe eingongslisens før start. Det kostar kr 60,- for dei opp t o m 25 år og kr 150,- for dei som er eldre. For dei som er 70 år og oppover er lisensen frivilleg.

Premiering: Minimum 1/3 i konkurranse og turlangrenn. Fine gåvopremiar. Uttrekking av premiar i trim- og familieklassen. Vandrepokalar vinnast 3 gonger. Beste damelag 3 stk, beste herrelag 3 stk, beste herrelag 5 stk. Pengepremie kr 2000,- til det laget som stiller med flest deltakarar på tid, minimum 10.

Dusi/garderobe: Nordfjord fritidssenter.

Vel møtt til truleg Norges finaste skiturrenn!

www.holmoyskarrennet.no